



Hillestad med ein teknisk innretning som han strengt tatt ikkje treng

**-Nyårsforsettet mitt for 2013?  
Det må vera at eg skal  
eta meir og trimma meir.**

**Slik lyder svaret frå Bjørn Sturle Hillestad når vi spør han om nyårsforsett under den siste handlerunden i gamleåret. Det må vel helst karakteriserast som ei ikkje heilt ålvorleg meint heilgardering frå ein mann som har suksess både i næringslivet og som quizmaster.**

I dagens BA har spaltist Kaspar Synnevåg ei grundigare vurdering av dette med nyårsforsettar som han ser på som noko positivt. Dei er formulerte mål.

Problemet kjem først når ein set seg mål ein ikkje maktar å gjennomføre. Då er det langt meir fornuftig å operera med delmål. Eit anna godt råd er å

belønna seg sjølv om ein lukkast og eit tredje å gå i kompaniskap med andre som har det samme mål som deg.

Synnevåg har også det gode råd å leita etter positive ting i livet når ein formulerer delmåla.

- Leit etter vaner, interesser og menneskje rundt deg som du ynskjer å satsa på, lyder oppmodinga hans.

Eit døme på det er det nyårsforsett som ein mangfaldig kar i Uskedalen kjem med ein annan plass på denne sida. Magne Huglen har som målsettjing å bli flinkare til å vitja heimstaden sin som er Huglo.

Det er ikkje noko dårleg forsett. Eg kjøpar det her og no!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen